

Årsmelding for Norsk visearkiv 2009

1.1 NORSK VISEARKIV

Norsk visearkiv er eit nasjonalarkiv og eit kompetansesenter for norske viser og norsk songtradisjon. Det er både ein forskingsinstitusjon med god kontakt med nasjonale og internasjonale forskingsmiljø og eit servicearkiv opent for publikum.

Arkivet held til I Henrik Ibsens gate 110 i Oslo og deler lokale med Norsk Jazzarkiv, MIC, Nasjonalbiblioteket og fleire andre institusjonar.

Arkivet består av ei rekkje samlingar, delt inn etter media, og ein databasert katalog med eit førstelineregister.

1.2 STYRE

2009 sat desse i det styret for arkivet:

Anne Cathrine Johansen (Noregs Ungdomslag),

Jon Egil Brekke (Rikskonsertane),

Liv Kreken Kvalnes, styreleiar (Norsk Viseforum),

Tellef Kvifte (Norsk folkemusikksamling),

Martin Revheim (MIC),

Kyrre Kverndokk (Institutt for kulturstudier og orientalske språk, Universitetet i Oslo)

Jørn Simen Øverli (Musikernes fellesorganisasjon).

1.3 PERSONALE

Velle Espeland var dagleg leiar i 80% stilling som før. Astrid Nora Ressem er tilsett i full stilling som musikkfagleg ansvarleg. Frå nyttår vart Elin Prøysen tilsett i 30% stilling for å arbeide med balladedatabasen. Liv Kreken Kvalnes arbeidde i 20% stilling med administrative oppgåver.

1.4 ØKONOMI

I 2009 fekk vi ei løyving over statsbudsjettet på 1 618 000,-

2. ORDINÆR VERKSEMD

2.1 SERVICEVERKSEMD

Både Velle Espeland, Astrid Nora Ressem og Elin Prøysen arbeider dagleg med henvendelsar frå publikum.

1. desember hadde vi informasjon om og omvisning i arkivet for studentar frå folkemusikkstudiet i Rauland, HiT.

Norsk visearkiv hadde omlag 600 henvendelsar frå publikum i 2009. Dette er litt ferre enn i 2008.

2.2 S SAMLINGAR OG KATALOG

2.2.1 Visearkivets katalog har vore basert på eit gammalt program, dBase frå 1980-talet. Den har fungert upåklageleg, men det har naturlegvis vore umogleg å få support på eit så gammalt program, og i 2009 fekk vi eit par datastudentar til å konvertere katalogen vår og bygge opp nye katalogiserings- og søkingsrutiner. Dette tok si tid og katalogiseringa kom berre så vidt i gang heilt på slutten av året.

Det arkivmaterialet som kom inn i 2009 ligg derfor ennå ukatalogisert.

2.2.2 Boksamlinga består av visebøker, bibliografiar, diskografiar, årbøker, tidsskift og ei fagboksamling. Boksamlinga tel nå 3643 band. Av desse er 2354 visebøker. Mange bøker ligg ukatalogisert.

Manuskriptsamlinga består av handskrivne visebøker, repertoarbøker, slagerbøker, forfattar- og komponistmanuskript. Denne samlinga tel 275 nummer. Dette er gåver til arkivet og såleis uavhengig av budsjettet.

Skillingstrykksamlinga består av 880 trykk og har ikkje hatt auke i 2009, men omfattar mesteparten av dei ”store” skillingsslagerane frå slutten av 1800- og begynninga av 1900-talet. Tilgangen på skillingstrykk er ikkje stor, og prisen på antikvariske skillingstrykk har auka svært sidan våre samlingar vart etablert.

Musikktrykksamlinga tel nå 912 trykk. Tilbodet av musikktrykk er stort, men vi har valt å konsentrere oss om viser, revyviser og norskspråklege slagerar.

CD-samlinga tel nå 2177 CD-ar. Mange ligg ukatalogisert.

Platesamlinga består av Lp-plater. Vi har ei lita ukatalogisert samling av singelplater, men ingen 78-plater. Platesamlinga tel nå 946 plater. Tilgang på Lp-plater er etter kvart svært liten. Kassettsamlinga er ei samling av publiserte lydassetar. Dette er lydopptak som ikkje er publisert på plate. Samlinga omfattar 160 kassetar.

Spolebandsamlinga er vår samling av upublisert lyd. Det er konsertopptak, tradisjonsopptak og private opptak. Samlinga omfattar 165 aksjonsnummer.

2.2.3 Registeret over enkeltviser (førstelinerregisteret) har innførslar på tittel, førsteline, refreng, genre og emneord, forfattar, komponist og utøvar. Dette registeret inneheld referansar til 70 500 viser ved årsskiftet. Registeret, som inneheld tilvisingar til alle mediasamlingane ovanfor, er Norsk visearkivs viktigaste arbeidsreiskap. Det er den mest omfattande visekatalogen i landet. Men vi har ikkje kapasitet til å registrere enkeltviser frå alle arkiveiningar vi får inn. Ved årsskiftet er berre ca. 53 % av samlingane våre er omfatta av førstelineregisteret. Denne prosentten har stadig gått tilbake dei siste åra.

3.0 PUBLIKASJONAR, KONFERANSAR OG FOREDRAG

3.1 PUBLIKASJONAR

Astrid Nora Ressem har vore medlem av Norsk Folkemusikklags styre. Styret er den norske nasjonalkomiteén for International Council for Traditional Music (ICTM) ICTM og har som formål å fremme studium, praksis, dokumentasjon, vern og spreing av tradisjonsmusikk og -dans i alle land, og har rådgivande funksjon overfor UNESCO. ICTM er nå, etter omorganiseringa innan UNESCO, ein av de 63 organisasjonane med "formell konsulterande relasjon". Ho er også redaktør for Norsk Folkemusikklags skriftserie. Skriftserien er ein vitenskapelig publikasjon som er utgitt med støtte frå Norges Forskningsråd og Rådet for folkemusikk og folkedans. Artiklar i skriftserien gir uttelling i Frida-systemet. F.o.m. 2008 blir skriftene utgitt av Novus forlag. Dette er ein årlig skriftserie. Skrift nr. 23-2007 kom ut i 2009.

Astrid Nora Ressem har også samman med Lene Halskov Hansen og Ingrid Åkesson redigert boka *Tradisjonell sang som levende prosess : Nordiske studier i stabilitet og forandring, gjentagelse og variasjon*. Oslo, Novus forlag 2009. 211 s. En antologi der ti forfattere fra Danmark, Sverige og Norge skriver om ulike aspekter på variasjon i tradisjonell sang. Norsk visearkivs publikasjon 2 / Skrifter utgivna av Svenskt visarkiv 26.

Ho bidrog også til antologien med artikkelen ”’Og han morede sig selv ved sin meddelelse.’ Sangeren Bendik Sveigdalen, variabilitet og nedtegnelser fra 1800-tallet”. S. 129-155.

Ressem har også skrive ei bokmelding av *Samlade visor. Perspektiv på handskrivna visböcker*. Red.: Gunnar Ternhag, Uppsala 2008, 258 s. Trykt i *Svenska landsmål och svensk folkliv 2009* og i *Norsk folkemusikklags skrift* nr. 23 – 2009.

Astrid Nora Ressem redigerer også Norsk visearkivs nyheitsbrev. Det sendes ut kvartalsvis og orienterer om aktiviteter som knytter seg opp mot den type arbeid vi held på med ved Norsk visearkiv. I 2009 blei det sendt ut fire nyheitsbrev, i mars, juli, oktober og desember. Responsen på nyheitsbrevet har vært god.

Velle Espeland skreiv artikkelen ”*Vår Gud han har en gammel Ford! – hvordan tekstene forandrer seg*” i antologien *Tradisjonell sang som levende prosess : Nordiske studier i stabilitet og forandring, gjentagelse og variasjon*, redigert av Astrid Nora Ressem, Lene Halskov Hansen og Ingrid Åkesson. S. 23 – 38.

På nettsida Wergelands skreiv han artikkelen *Wergeland som sjantimann* på

<http://wergeland2008.no/Articlelist.aspx?m=283&amid=619>

For kulturminneåret 2009 skreiv han også ein artikkel På låven sitter nissen som ”ukas kulturminne” veke 49 <http://www.kulturminnearet2009.no/prosjekter/sekretariatets-6-prosjekter/ukens-kulturminne/paa-laaven-sitter-nissen>

3.2 KONFERANSER, SEMINAR OG KURS

Astrid Nora Ressem har tatt del i:

- 12.-13. februar: Årsmøte og seminar i Norsk Folkemusikklag (styremedlem/arrangør) på Rauland ved Høgskolen i Telemark. Temaoverskrift: ”Mot ein fellesnordisk stil?”
- 4.-6. september: Norsk kvedarforums seminar i Halden om de reisendes sang: ”En gang var vi som vinden”.
- 23.-25. oktober: Nordisk seminar/arbeidsmøte i Stockholm (Kungliga Musikhögskolan) om vokal folkemusikk. Innlegg: ”Folkevisen og sjangergrensene”. Boklansering (*Tradisjonell sang som levende prosess*).
- 2. desember: MIC Norsk musikkinformasjon og Institutt for Musikkvitenskap (sted: Nasjonalbiblioteket): ”Musikk og fortolkning”.
- 23. - 28. juni: NM i folkemusikk, Geilo og Ål.
- 16.-17. september: kurs i digital historieformidling ”digitalt fortalt” i regi av AMB-utvikling.

Velle Espeland har tatt del i:

- 29. mars: Songseminar i Asker arrangert av Norsk viseforum

Både Astrid Nora Ressem, Liv Kreken Kvalnes og Velle Espeland deltok i:

- 29.-30. september: Nordisk arkiv/forskerkonferanse i Stockholm (Svenskt visarkiv).

4. SPESIELLE PROSJEKT

4.1 BALLADEPROSJEKTET "Balladar i Norge"

Etter at Universitetet i Oslo sa opp kontrakten om samarbeidet med balladedatabasen, har vi arbeidd for å få eit solidare økonomisk grunnlag for å halde fram med arbeidet på Balladeprosjektet.

4.2 ANDRE PROSJEKT

Astrid Nora Ressem, Elin Prøysen og Velle Espeland har redigert og skrive teksten til ein antologi med to CD-ar: *Norske Ballader : 30 ballader om drap og elskov, skjemt og lengsel blant riddere, jomfruer, kjemper og dyr*. Grappa Musikkforlag. Ein balladeantologi med 30 songar framført av vår tids utøvarar, tekst på 168 sider om balladar generelt og om kvar enkelt vise spesielt. Norsk visearkivs publikasjon 1

Astrid Nora Ressem og Elin Prøysen har også digitalisert tekster og notar til CD-en, og desse er lagt ut på nettsida vår

Ved sida av arbeidet med balladetekstane har Elin Prøysen arbeidd med inventering av handskrivne visebøker.

5. ANNA

Vilkår for framhald av drifta er til stades.

Vi har ikkje grunn til å tru at drifta har negative miljøkonsekvensar.

Arbeidsmiljøet er godt og likestillinga vert ivareteken både ved rekruttering til styret og i verksemda.

25. februar 2010

For styret

Liv Kreken Kvalnes
Styreleiar

Velle Espeland
Dagleg leiar